

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	19/759

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2019	Kraftfondsstyret	PS	16.12.2019

Søknad om støtte gjennom kraftfondet til etablering av Kritthuset kafe as v/Kristine Brekke Brosvik

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om tilskot i kraftfondet	01.11.2019
Budsjett.pdf	01.11.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kritthuset kafe as v/Kristine Brekke Brosvik får eit tilskot på kr. 25.000 gjennom kraftfondet til omsøkte etablering/bedriftsutvikling

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 25.000 i tilskot gjennom kraftfondet til prosjekt med ein totalkostnad på kr. 75.000,-.

Høyring/Uttale

Søker Kristine Brekke Brosvik presenterte søknaden om støtte til å etablere kafe i Fensfjordbygg, i samband med møte i kraftfondstyret den 2.desember 2019.

§ 6 Forvaltning c. Alle søkerar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret (eller Kommunestyret) for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.

Fakta

Viser til søknad med div vedlegg, som følgjer som sakstilfang til saka

Generelt for alle søknader i 2.tildelingsrunde 2019 kraftfondet, så vart det i kraftfondsbudsjettet 2019 avsett kr. 260.000 til nærings tiltak/støtte til næringslivet, og kor 180.000 vart løyvd i samband med første tildelingsrunde, og rest utgjør såleis 80.000 – det er mottatt 4 søknader om tilskot med

søknadsfrist 1.11.19, summert til kr. 327.649

Relevante forhold saksa frå vedtekter for kraftfondet;

§ 2 Føremål Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad Samla finansiering frå kraftfondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Relevante forhold saksa frå retningsliner for kraftfondet;

Til § 2 Føremål Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

• **Bedriftsutvikling** til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet; • Bedriftsutvikling kr. 40.000,-

Vurdering

Viser til fyldig søknad. Tiltaket inneber eit nytt tiltak innafor hovudmålsetjing for kraftfondet, om å skape nye arbeidsplassar i kommunen, og spesielt kvinnearbeidsplassar.

Bedriftsutvikling kan avvike frå normal praksis med tilskot inntil 25% av kapitaltrongen – og tilrår at omsøkte søknad vert innfridd.

Konklusjon

Kritthuset kafe as v/Kristine Brekke Brosvik får eit tilskot på kr. 25.000 gjennom kraftfondet til omsøkte etablering/bedriftsutvikling

Kraftfondsstyret - 023/2019

KRFT - behandling:

Søker Kristine Brekke Brosvik presenterte sin søknad i Kraftfondstyrete 02.12.19.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Kritthuset kafe as v/Kristine Brekke Brosvik får eit tilskot på kr. 25.000 gjennom kraftfondet til omsøkte etablering/bedriftsutvikling

